

Protokoll frå årsmøte 2009 i IPT Telemark**Tid/stad:** Tysdag 8. desember, kl. 19.30, på Lie-Hvalen gård i Solum.**1. Innleiing**

Geir Andersen på Lie-Hvalen hadde med dei som kom til møtet på ein runde ute og orienterte om garden.

Deretter ønskte leiar i AU nettverket, Vetle Øverland, alle velkomen til møtet

Dei som var møtte presenterte seg kort. Følgjande var til stades:

Hege Heimdal
Dag Anders Oterkiil
Kirsten Oterkiil
Solfrid Tonje Tveitan
Nils Tore Tveitan
Torleif Findal
Tellef Farsjø
Kari Farsjø
Tellef Moland
Geir M. Andersen
Monika Kristensen
Nottov Homme
Margrethe Karlsen
Anette Valen
Kristen Valen
Vetle Øverland, Skien. AU
Margrethe Karlsen, Drangedal. AU
Benedicte Ajer, Lunde. AU

Amund Johnsrud, Telemark Bondelag

Aud K. Aase, gjest, føredragshaldar. Dagsrud flyktningmottak, Nome

2. Fagforedrag v/Aud K. Aase, Dagsrud statlege mottak, Nome

Tema: Aktivisering av barn i flyktningmottak.

Aud K. Aase fortalde først litt om livet og verksemda i eit flyktningmottak. For dei som ikkje arbeider i eller på anna måte er involvert i eit mottak, er dette ganske ukjent. På Dagsrud er det nå 187 bebuarar, av desse er 36 barn under 16 år. I Telemark det er til saman fire mottak. Det er Manheimen på Rjukan, eitt i Skien, Dagsrud samt eitt til, bare for barn

Aase orienterte også om saksgangen i høve til søknader om opphald, evt vidare busetjing ute i kommunane.

Ein har rett til norskundervisning når ein har opphald i Norge, det er snakk om eit 250 timers tilbod.

Det er eit stort ønske om å få til ulike aktivitetar for bebuarane på mottaket, t.d. innanfor sport, IT, handarbeid. Alle har er pliktige til å møte opp på informasjonsmøte om norske forhold. På mottaket legg ein opp til at bebuarane skal aktiviserast og delta i dei daglege gjeremåla, slik som vasking, flytting, tolkehjelp.

Mange barn har store delar av barndommen sin i mottak, samla sett i Norge dreiar det seg om 2500 – 3000, fleire hundre av desse sit over tre år i mottaka. Slikt opphald vert meir vanskeleg etter som barna blir eldre. Det er meir å miste og fleire tapsopplevingar etter som barna vert større. Mange har også problem både med det verbale og med kroppsspråket i dei nye omgivnadene. Dei opplever tap av sosial kompetanse når dei kjem inn i ein ny barnekultur i Norge, og få eller ingen av dei nye menneska dei møter kjenner deira kultur. Barn opplever og ser også endringane som skjer hos foreldra. Slit foreldra, så påverkar det barna, også. Må også handtere store skilnader i barneoppdraginga, og tilhøvet til normer og reglar.

Aase la vekt på kor viktig det er å få arrangert positive tiltak og aktivitetar, som kan gi ungane gode opplevingar i kvardagen. Det kan førebygge problem og ta vekk fokus frå vanskelege tankar hos barna.

Dagsrud har hatt tilbod på hos Benedicte Ajer på Norstrand om ”leirskuleopphald” over seks dagar om sommaren. Erfarar at det er veldig viktig med god info på førehand, både til foreldra og dei utvalde ungane. Difor ein stor fordel at garden var rett i nærleiken av mottaket, slik at både vaksne og barn kunne få sjå opplegget først. Det gjorde det også mogleg å la ungar sove heime på mottaket, om dei ikkje torte å overnatte. Det er veldig gode tilbakemeldingar på opplegget på Norstrand, både frå ungane og foreldra. Veldig positivt at Benedicte gjorde ting og oppgåver saman med barna.

Naturopplevingar står sentralt i opphaldet på Norstrand, slik som, skogturar og elgsafari. Eitt av måla er at ungane på mottaket skal får opplevingar og erfaringar som dei kan fortelje om når skulen startar opp att på hausten.

Det blir lagt vekt på å skape kontakt mellom asylbarna og norske barn som er der samtidig, integrering.

Når det gjeld kostnadene ved å skipe til aktivitetar for barn, så ligg ikkje det inne i det ordinære budsjetta for mottaka, men det er mogleg å søke UDI om særskilt støtte til det. Erfaringane når det gjeld storleik på gruppe, er at det bør vere maks 10 barn, gjerne færre.

Er andre opplegg enn sommarleir kan ver aktuelt? Riding er populært, og for vaksne er det viktig med arbeidstrening. Det er viktig, ikkje minst for at dei som deltar skal få kunnskap om HMS i norsk arbeidsliv og få attestar frå ein norsk arbeidsgivar til å ta med seg vidare. I det heile ser ein at arbeid er avgjerande for å gi auka sjølvrespekt blant flyktingar.

NAV bør vere ein viktig samarbeidspartnar når det gjeld arbeidstrening for flyktingar

Når flyktingane er busett i ein kommune, kjem dei inn i kommunale introduksjonsprogram i regi av Vaksenopplæringa. For å kome inn her og evt. for vidare samarbeid mtp. å gi IPT-tilbod, så bør ein ta kontakt med flyktningekonsulenten i kommunen.

Vetle summerte opp etter orienteringa frå Aud K. Aase, og peika på alle moglegheitene som finst når det gjeld aktiviseringstilbod for flyktingar.

Utfordringa er, korleis få økonomi i dette sett frå tilbydars side.

Etter sekvensen med Aase, orienterte Vetle om det som er kjent om planane for det såkalla IPT-løftet i kommunane, i regi av Landbruks- og Matdepartementet, og Innovasjon Norge. Målet er å leggje til rette for fleire gode IPT-tilbod.

3. Årsrapport 2009

Amund Johnsrud presenterte den skriftlege årsrapporten for 2009. Rapporten var lagt ut på nett, nokre dagar før årsmøtet.

Når det gjeld rekneskapen for 2009, vil den bli revidert og godkjent som ein del av Telemark Bondelag sitt rekneskap.

Den behandlinga vil skje på årsmøtet i fylkesbondelaget i 12-13. mars 2010.

Vedtak:

Årsrapporten vart godkjent

4. Kontingent 2010

Amund presentere kontingent forslag til kontingent for 2010.

Vedtak

Kontingent for 2009 vert sett til kr. 500,- pr. bruk, det same som i 2009.

5. Aktivitetar og tiltak i 2010

Benedicte orienterte om sitt engasjement som pilot for utprøving av KSL-system for IPT, som Norges Bondelag har ansvar for å utarbeide. Saka skal ferdigstillast i 2010.

Vetle innleia med tankar om vidareføring, styrking av arbeidet i nettverket. Kva slags oppgåver er det mest nødvendig å ta tak i å gjere noko med? Nettverket må vere med og styre utviklinga innanfor IPT i fylket i den retninga vi som tilbydarar ønskjer

Det er nødvendig å gjere gapet mellom tilbydar og kjøpar av IPT mindre. Telemark må ikkje bli eit "vegfylke" innanfor IPT! Dvs. fare for at lite vil skje hos oss, samanlikna med andre fylke.

Kan verte aktuelt å lage ei "dreiebok", ein guide, på korleis ein bør gå fram for å verte ein IPT-tilbydar. Mest viktig her: I kva for ende skal ein byrje? Men samtidig bør ikkje den potensielle tilbydaren få alt servert på fat. Det er nødvendig å gjennomgå ein prosess for eigen del, for å få arbeidet "inn under huden".

Vidare er det viktig å reindyrke IPT som næring i landbruket.

Få ei oversikt over aktuelle finansieringskjelder, kor ein kan få økonomisk og fagleg støtte. Kva slags etatar skal ein vende seg til? Behov for å ei kartlegging over desse.

Vetle såg for seg at desse arbeidsoppgåvene burde organiserast som eit prosjekt i regi av IPT-nettverket og Telemark Bondelag. Det må sjølvsagt arbeidast vidare med form og innhald på eit slikt mogleg prosjekt, samt finansiering og forankring hos aktuelle samarbeidspartnarar, t.d. KS.

Paul Alfsen, som har arbeidd i Skien kommune, i rus-teamet, var bede med på årsmøtet. Han kom med sine kommentarar og vurderingar til innleiinga frå Vetle. Alfsen viste m.a. til sine erfaringar med å jobbe i grensesnittet mellom sjukehus og kommune.

Årsmøtet drøfta saka kort på bakgrunn av innleiingane frå Vetle og Alfsen, og det blei uttrykt interesse for at AU bør jobbe meir med saka og vurdere ulike moglegheitene for å få dra det vidare i form av eit prosjekt.

Vedtak:

Orienteringane frå Benedicte og Vetle og debatten etterpå, vert tatt til etterretning.

6. Val

Dag Anders Oterkiil, frå valnemnda orienterte om saka, og leia valet.

Margrethe Karlsen hadde ordet. Ho har takka nei til attval etter fleire år i AU. Margrethe poengterte at verva i AU må sjåast på som ein dugnad, og oppmoda alle medlemmane til å sjå positivt på å ta verv i AU i løpet av ein periode, slik at arbeid og oppgåver vert fordelt mellom medlemmane.

Arbeidsutval

Benedicte Ajer.	Attval, for 2 år
Kirsten Oterkiil	Ny for 2 år
Hege Heimdal:	Vara. Ny 1 år
Vetle Øverland	Ikkje på val

Valkomit 

Dag Anders Oterkiil	Attval, for 1 �r
Tellef Moland	Attval, for 2 �r

Alle val var samr ystes.

Som avslutning, takka Vetle for engasjementet og innspela p  m tet. P  vegner av AU s g han fram til samarbeidet med medlemmane i det nye arbeids ret, f r han  nskte alle vel heim.

M tet slutt kl. 22.20.

Amund Johnsrud
Referent

Vedlegg

- Bildeforedrag av Aud K. Aase